

# OFENTLEG MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for natur  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 11.04.2007 **Tid:** 14.00 – 17.20

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6 , inkl. varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Marion Langhelle Pedersen

**I staden møtte:**

**Andre som var tilstade på møtet:**

Ordførar, leiar av teknisk eining og administrasjonssjef

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 13. april 2007

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

**Olaug Øystese** ønskte at utvalet tok synfaring i samband med sakene 23, 28 og 29. Utvalet drøfta innspelet og bestemte med 6 mot 1 røyst at det ikkje vert teke synfaring.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Øyvind Røen** viste til at kommunen si markering av 100-års-jubileum vil m.a. omfatta konsert i Søvika. Prestestien er den eldste vegen i kommunen og han er i dårleg stand einiskilde stadar. Utbetring av vegen bør vera utført før jubileumsveka. Ein ide kan vera å ta kontakt grendalaget. Han viste og til at kommunen i budsjettet har sett av midlar til stirydding.

**Ordførar** orienterte om at jubileumsnemnda har teke fatt i dette spørsmålet, og det har vore dialog med grunneigar m.fl.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

- **Strandsoneplan** er ikkje starta opp enda. Stillinga som planleggjar ved teknisk eining har vore lyst ledig to ganger utan at me har fått folk i den ledige stillinga. Utvalet drøfta problemstillinga, og det var semje om at ein måtte arbeida aktivt for å få tilsett personale samstundes som ein og må vurderer bruk av innleigd konsulent. Det bør og informerast i Samningen om situasjonen.
- **Hagamulen** vil no verta lyst ut for sal og utbygging. Det vil verta laga ein oversikt over krav og hefte. Før utlysing må grensane gåast opp.
- **Helgatona.** I skriv frå Olaug Øystese har ho teke opp ein del problemstillingar om utbygging i Helgatona og som for så vidt og gjeld på Lønnebakken. Skrivet var sendt ut til medlemmane på førehand. Leiar av teknisk eining har svara på spørsmåla i notat dagsett 11.04.07. Det vert her vist til at det er gitt opning i reguleringsplanen for bygging av ulike hustypar/bustadformer. Trafikksituasjonen i felta med gåande, syklende, køyrande m.fl. i same vegbana er problematisk. Det må derfor utarbeidast ein samla plan for fartsreducerande tiltak. Ein slik plan må vera på plass før det er høve til å setja opp skilt.
- **Jan Bjarne Sverresvol** har sagt opp stillinga si som leiar av teknisk eining. Han sluttar 22. juni.
- **Ballbinge** Ordførar orienterte om framdrift i sak om ballbinge. Det står no att å få fram støymålingar. Saka kjem opp i neste møte i naturutvalet.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0021/07	06/00109 <b>SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR PARKERINGSPLASS PÅ GNR.32 BNR.5 KLEIVANE</b>
0022/07	06/00538 <b>SØKNAD OM FRITAK FRÅ BU OG DRIVEPLIKT GBNR.45/1 I SAMNANGER KOMMUNE - KLAGE</b>
0023/07	07/00009 <b>SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN FOR BJØRKHEIM GARASJE PÅ GNR.18 BNR.163</b>
0024/07	06/00293 <b>NY HANDSAMING AV SØKNAD OM DELINGSLØYVE FOR 3 HYTTETOMTAR FRÅ GNR.47 BNR.3 SÆVILD</b>
0025/07	07/00087 <b>REKVISISJON AV KARTFORRETNING GNR 12, BNR 3.</b>
0026/07	07/00100 <b>SØKNAD OM DELINGSLØYVE FOR TILLEGSPARSEL TIL GNR.1 BNR.26 FRÅ GNR.1 BNR.1 SOLBJØRG</b>
0027/07	06/00500 <b>KLAGE PÅ VEDTAK I SAK 7/07 I UTVAL FOR NATUR. AVSLAG PÅ TILSAGN OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR.14 BNR.9 KLEPPE</b>
0028/07	07/00039 <b>KLAGE PÅ AVSLAG PÅ SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR.3 BNR.61 SAGEN</b>
0029/07	07/00075 <b>KLAGE PÅ VEDTAK OM BYGGJELØYVE FOR 2 MANNSBUSTAD PÅ GNR.24 BNR.259 GJERDE, TOMT NR.10 I REGULERINGSPLAN FOR HELGTONA</b>
0030/07	07/00090 <b>Unnateke off. innsyn §6</b> <b>SAL AV NAUSTTOMTER I ROLVSVÅG.</b>

0021/07

## **SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR PARKERINGSPLASS PÅ GNR.32 BNR.5 KLEIVANE**

### **Framlegg til vedtak::**

Med bakgrunn i tidlegare hyttebygging, dels utan parkeringsplassar, samt trong for parkeringsplass for bnr.82 og vinterparkering for bnr. 5, vert det med heimel i plan og bygningslova § 7 gjeve dispensasjon frå gjeldande kommuneplan for bygging av parkeringsplass.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for parkeringsplass på gnr.32 bnr.5 i Kleivane.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.01.01.07.

### **Handsaming i møte:**

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

### **Vedtak:**

Med bakgrunn i tidlegare hyttebygging, dels utan parkeringsplassar, samt trong for parkeringsplass for bnr.82 og vinterparkering for bnr. 5, vert det med heimel i plan og bygningslova § 7 gjeve dispensasjon frå gjeldande kommuneplan for bygging av parkeringsplass.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for parkeringsplass på gnr.32 bnr.5 i Kleivane.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.01.01.07.

0022/07

## **SØKNAD OM FRITAK FRÅ BU OG DRIVEPLIKT GBNR.45/1 I SAMNANGER KOMMUNE - KLAGE**

### **Framlegg til vedtak::**

Klaga vert ikkje teke til følge. Samnanger kommune gjev fritak for bu- og driveplikt i 5 år på gnr/bnr 45/1 i Samnanger kommune til Marit og Hilmar Sandvik. Det vil seia fram til 01.10.09. Vedtaket har heimel i odelslova § 27a.

Eigarane skal likevel forvalta eigedommen med tanke på kulturlandskap og utmark (konsesjonslova §11).

Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

### **Handsaming i møte:**

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Klaga vert ikkje teke til følgje. Samnanger kommune gjev fritak for bu- og driveplikt i 5 år på gnr/bnr 45/1 i Samnanger kommune til Marit og Hilmar Sandvik. Det vil seia fram til 01.10.09. Vedtaket har heimel i odelslova § 27a.

Eigarane skal likevel forvalta eigedommen med tanke på kulturlandskap og utmark (konsesjonslova §11).

Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

0023/07

**SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN FOR BJØRKHEIM GARASJE PÅ GNR.18 BNR.163****Framlegg til vedtak::**

Utval for natur finn ikkje grunnlag for å gje dispensasjon frå stadfest reguleringsplan for Bjørkheim for bygging av garasje i frisiktsona på gnr.18 bnr.163. Dette tyder at det ikkje kan byggjast garasje breiare enn 7,5m som vedteke i delegert sak nr.5/07.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Handsaming i møte:**

**Olaug Øystese** sette fram framlegg om å utsetja saka. 1 røysta for framlegget og 5 mot.

**Olaug Øystese** sette fram slikt framlegg til vedtak:

*Det vert gitt dispensasjon i samsvar med § 7 i plan- og bygningslova og gjeve byggjeløyve i henhold til omsøkt garasje. Garasjen må sikrast med tilfredsstillande gjerde/ rekkverk på toppen.*

Det vart røysta alternativ over dei to framlegga. 1 røysta for framlegget frå Øystese og 5 for framlegget frå administrasjonen.

**Vedtak:**

Utval for natur finn ikkje grunnlag for å gje dispensasjon frå stadfest reguleringsplan for Bjørkheim for bygging av garasje i frisiktsona på gnr.18 bnr.163. Dette tyder at det ikkje kan byggjast garasje breiare enn 7,5m som vedteke i delegert sak nr.5/07.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0024/07

## NY HANDSAMING AV SØKNAD OM DELINGSLØYVE FOR 3 HYTTETOMTAR FRÅ GNR.47 BNR.3 SÆVILD

### Framlegg til vedtak::

Ut frå ei konkret vurdering i området der omsøkte tomtar ligg, finn ein at natur- og friluftsiinteressene ikkje vert råka av omsøkte frådelling. Ein kan heller ikkje sjå at dispensasjon vil ha innverknad på handheving av kommuneplanen.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 7 og 63 vert det gjeve dispensasjon frå stadfest kommuneplan for deling av 3 fritidseigedomar frå gnr.47 bnr.3 Sævild.

Løyvet er gejeve i samsvar med søknad dgs.13.06.06.

Før det vert gjeve byggjeløyve på tomtane, skal det vera dokumentert godkjent avkjøring frå riksveg 48 til parkeringsplass for min.2 bilar pr. fritidseigedom.

### Handsaming i møte:

**Sture Tveit** gjorde framlegg om at handsaming av saka vart utsett til neste møte.

Grunngjevinga for det var at ein ønskte eit møte med fylkesmannen før det vart fatta avgjerd.

Det vart røysta over utsettingsframlegget. 4 røysta for og 2 mot.

### Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

0025/07

## REKVISISJON AV KARTFORRETNING GNR 12, BNR 3.

### Framlegg til vedtak::

Det vert etter plan- og bygningslova, §§ 7 og 63, gjev dispensasjon til å dela eit areal på om lag 1,6 da frå gnr/bnr 12/3. Arealet skal vera tilleggsareal til gnr/bnr 12/21. Det vert sett vilkår om at grensa i vest vert flytta, slik at gnr/bnr 12/3 får tilkomst til utmark på eigen grunn, eller at vegrett til utmark på gnr/bnr 12/3 vert sikra ved tinglysing.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela eit areal på om lag 1,6 da frå gnr/bnr 12/3. Arealet skal vera tilleggsareal til gnr/bnr 12/21. Det vert sett vilkår om at grensa i vest vert flytta, slik at gnr/bnr 12/3 får tilkomst til utmark på eigen grunn, eller at vegrett til utmark på gnr/bnr 12/3 vert sikra ved tinglysing.

### Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

Det vert etter plan- og bygningslova, §§ 7 og 63, gjev dispensasjon til å dela eit areal på om lag 1,6 da frå gnr/bnr 12/3. Arealet skal vera tilleggsareal til gnr/bnr 12/21. Det vert sett vilkår om at grensa i vest vert flytta, slik at gnr/bnr 12/3 får tilkomst til utmark på eigen grunn, eller at vegrett til utmark på gnr/bnr 12/3 vert sikra ved tinglysing.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela eit areal på om lag 1,6 da frå gnr/ bnr 12/3. Arealet skal vera tilleggsareal til gnr/ bnr 12/21. Det vert sett vilkår om at grensa i vest vert flytta, slik at gnr/ bnr 12/3 får tilkomst til utmark på eigen grunn, eller at vegrett til utmark på gnr/ bnr 12/3 vert sikra ved tinglysing.

0026/07

### **SØKNAD OM DELINGSLØYVE FOR TILLEGSPARSEL TIL GNR.1 BNR.26 FRÅ GNR.1 BNR.1 SOLBJØRG**

#### **Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova §§ 63 og 93 vert det gjeve delingsløyve for tilleggsarsell frå gnr.1 bnr.1 til gnr.1 bnr.26. Solbjørg.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.05.03.2007.

Bnr.26 ligg i område for spreid bustadbygging. Ein vurderer bnr.26 med tilleggsarsell som del av området for spreid bustadbygging.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela i frå ein teig på ca.700m2 frå gnr./ bnr. 1/1. Arealet som er søkt frådelt ligg i LNF område i kommuneplanen og grensar til eit område som er regulert til spreidd bustadbygging.

#### **Handsaming i møte:**

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

#### **Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova §§ 63 og 93 vert det gjeve delingsløyve for tilleggsarsell frå gnr.1 bnr.1 til gnr.1 bnr.26. Solbjørg.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.05.03.2007.

Bnr.26 ligg i område for spreid bustadbygging. Ein vurderer bnr.26 med tilleggsarsell som del av området for spreid bustadbygging.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela i frå ein teig på ca.700m2 frå gnr./ bnr. 1/1. Arealet som er søkt frådelt ligg i LNF område i kommuneplanen og grensar til eit område som er regulert til spreidd bustadbygging.

0027/07

### **KLAGE PÅ VEDTAK I SAK 7/07 I UTVAL FOR NATUR. AVSLAG PÅ TILSAGN OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR.14 BNR.9 KLEPPE**

#### **Framlegg til vedtak::**

Etter ny vurdering finn ein med heimel i plan og bygningslova §§ 7 og 93 at det kan gjevast dispensasjon frå kommuneplan for tilsagn om byggjeløyve for naust på gnr.14 bnr.9.

#### **Handsaming i møte:**

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Etter ny vurdering finn ein med heimel i plan og bygningslova §§ 7 og 93 at det kan gjevast dispensasjon frå kommuneplan for tilsagn om byggjeløyve for naust på gnr.15 bnr.9.

0028/07

**KLAGE PÅ AVSLAG PÅ SØKNAD OM BYGGJLØYVE FOR NAUST  
PÅ GNR.3 BNR.61 SAGEN**

**Framlegg til vedtak::**

Klage på vedtak i delegert sak 6/07 vert ikkje teken til fylgje. Det er ikkje funne grunnlag for å gje dispensasjon frå stadfest kommuneplan med vedtekter.

Vedtak i delegert sak 6/07 vert stadfest og saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjerd.

**Handsaming i møte:**

**Olaug Øystese** sette fram slikt framlegg: *Klage på vedtak i delegert sak 6/07 vert teken til følgje. Ein finn grunnlag for å gje dispensasjon frå stadfest kommuneplan.*

1 røysta for framlegget frå Øystese og 5 for administrasjonen sitt framlegg.

**Vedtak:**

Klage på vedtak i delegert sak 6/07 vert ikkje teken til fylgje. Det er ikkje funne grunnlag for å gje dispensasjon frå stadfest kommuneplan med vedtekter.

Vedtak i delegert sak 6/07 vert stadfest og saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjerd.

0029/07

**KLAGE PÅ VEDTAK OM BYGGJELØYVE FOR 2 MANNSBUSTAD  
PÅ GNR.24 BNR.259 GJERDE, TOMT NR.10 I REGULERINGSPLAN FOR  
HELGTONA**

**Framlegg til vedtak::**

Klage dgs.18.03.07 vert ikkje tatt til fylgje. Vedtak i delegert sak 11/07 vert stadfest og saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjer.

**Handsaming i møte:**

Utvalet vedtok mot 1 røyst framlegg til vedtak.



**Vedtak:**

Klage dgs.18.03.07 vert ikkje tatt til fylgje. Vedtak i delegert sak 11/07 vert stadfest og saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjer.